



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

04 DES 2014

Masfjorden kommune  
5981 MASFJORDNES

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:  
2014/127623-002

Dykkar referanse:  
14/704 - 14/3981

Vår dato:  
26.11.2014

### Melding om oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram for bru over Masfjorden

Vi viser til brev i frå Masfjorden kommune motteke hos oss 15.10.14, med varsel om oppstart av planarbeid i ovannemnde sak med tilhøyrande planprogram.

Planarbeidet har som intensjon å leggje til rette for permant kryssing av Masfjorden med bru, og ei avvikling av dagens ferjesamband mellom Sandnes og Duesundøy.

Ei permanent fjordkryssing vil binde Masfjorden betre saman som kommune. I tillegg vil det også gje kommunen betre samband med Gulen i nord, samstundes som infrastrukturen mot sør vert styrka. Truleg vil dette ha positive verknadar både for busetnad og næringsverksemd i kommunen og omlandet i kring. Ved oppstartsvarslet er ulike alternativ for bru skildra, samt ulike løysingar for ny veg på Sandnes og Duesundøy

Dette prosjektet er av ein slik dimensjon at det må gjennomførast ei konsekvensutgreiing. Vi legg til grunn at handbok V712 Konsekvensanalyser, vert følgd i arbeidet. Innhald og omfang av områdeplan og konsekvensutgreiing krev eit tett samarbeid med Statens vegvesen, slik det også har vore tidlegare. Vi vurderer å kunne vere representert i ulike møtesamanhengar og i vurdering av ulike tekniske moment i planprosessen. Ut over dette har Statens vegvesen i dag ikkje økonomiske midlar eller ressursar til å gå djupare inn i prosjektet. Med bakgrunn i at dette er ein fylkesveg er det Hordaland fylkeskommune som eventuelt må stille med økonomiske midlar til prosjektet.

Slik vi forstår dokumentasjon som er oversendt og kontakt med Masfjorden kommune, så heller ein i dag i retning av ei bruløysing i form av ei flytebru med sluse. Så langt vi har kunnskap om er det berre ein aktør i marknaden i dag som kan levere slike løysingar. Vi gjer merksam på at dette skapar utfordringar i høve offentleg regelverk for innkjøp. Statens vegvesen kan ikkje vere del av prosjekt der det berre er ein aktør som kan gje tilbod på ei vare.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Statens vegvesen vil rå til at ein i reguleringsplanprosessen sett av ein korridor til flytebru i planen. Ved ei slik tilnærming vil ein kunne få ulike alternative løysingar på dette konseptet med bru over Masfjorden. Det vil då seinare i prosessen vere mogleg å velje teknisk løysing når det gjeld flytebru.


Vi gjer elles merksam på at alle løysingar knytt til bru og brukonstruksjon skal godkjennast av Vegdirektoratet.

Ved ei eventuell realisering av bru over Masfjorden som vil generere ei auke i trafikkvolumet, vil ikkje vegsystemet gjennom Sandnes sentrum vere tenleg for ein effektiv og trygg avvikling av trafikken. Statens vegvesen har tidlegare i prosessen teke til orde for at ein må sette av ein korridor for framtidig tunnel aust av Sandnes sentrum. Denne korridoren må vere ein del av områdeplanen

Bru over Masfjorden skal både sikre eit effektivt og trafikksikkert vegsystem for framtida. Vi stiller difor krav om at det skal vere eit særleg fokus på mjuke trafikantar. Områdeplanen må vise tilbod til denne trafikantgruppa i form av ein gjennomgåande gang og sykkelveg utforma etter Vegnormal N100. Områdeplanen skal også vise trase for gang og sykkelveg utanom tunnelalternativet forbi Sandnes.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*  
Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

  
Sigmund Bødal  
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune